

Geitebuhuset vert rekonstruert

14.03.2013



Det truleg eldste huset i bygda, også kalla Geitebuhuset, kollapsa få veker sidan då det var under restaurering. Men eigar Kjell Yri har slett ikkje gjeve opp prosjektet for no vert røykstova rekonstruert - i alle fall utvendig. LAN BYGG har jobben og gjennomfører han fort - kransen på taket har kome på plass etter få dagar.

Huset ligg øverst i Geilo og deler av det vil verta brukt opp att. Det gjeld særleg taket av skifer. Det er tungt og ikkje minst det førte til at huset braut saman.

Foto: Ola Matti Mathisen